



ROVVILTNEMNDA I REGION 3

Oppland

Adresseliste

Deres ref

Vår ref

Arkivnr

Vedtak i sak 40/22 Fastsetting av kvote og område for lisensfelling av jerv i region 3 2022/2023

Rovviltnemnda i region 3 gjorde følgande vedtak i sak 40/22 på nemndsmøtet 6.oktober 2022:

Rovviltnemnda i region 3 – Oppland viser til den nasjonale målsettinga om 4 årlege ynglingar av jerv i region 3 - Oppland. Rovviltnemnda konstaterer at jervebestanden ligg over det nasjonalt fastsette bestandsmålet for region 3 rekna ut frå gjennomsnitt i åra 2020-2022 med 5,6 ynglingar, og har liggi godt over bestandsmålet i fleire år. Nemnda har såleis myndighet til å fatte vedtak om kvote for lisensfelling, jf. §§ 4, 7 og 8 i Rovviltforskriften og også myndighet til å endre lisensfellingskvota, jf. § 10, 4. ledd; rovviltnemnda kan til einkvar tid endre eige vedtak om kvote for lisensfelling dersom nye opplysingar tilseier det.

*Med bakgrunn i nye opplysingar og skadesituasjonen i beitesesongen 2022 endrar rovviltnemnda kvota for lisensfelling av jerv til **12 dyr**, med maksimalt 5 hodyr (uavhengig av alder) innanfor jervesona. Det blir opna for felling med delkvoter i lisensområder som samsvarar med den geografiske differensieringa i forvaltningsplanen:*

Lisensområde A - jerveprioritert: Langs kommunegrensa mellom Vang/Øystre Slidre og Lom/Vågå, videre langs RV51 til Vågåvatnet/Otta og deretter Otta og Gudbrandsdalslågen sørover til Otta. Deretter langs kommunegrensa mellom Sel og Nord-Fron til nasjonalparksgrensa for Rondane nasjonalpark, og denne følges til fylkesgrensa mot Hedmark: **5 dyr / 5 hodyr.**

Lisensområde B - beiteprioritert: Resten av fylket: **5 dyr.**

2 dyr som tilleggsdyr som kan fordelast undervegs i lisensfellingsperioden.

Eventuelle endringar av områdegrenser og fordeling av resterande kvote undervegs i fellingsperioden skal sekretariatet avklare med leiar av nemnda.

Statsforvaltaren har ansvar for rapportering/informasjon i samband med lisensfellingen. (Jf. Forskriftens § 15, siste ledd). Dette gjeld informasjon om resterande kvote og mottak av meldingar om påskutte og felte dyr via Statsforvaltaren sin rovviltelefon.

Vedtaket er fatta med heimel i Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold § 18, første ledd, bokstav b og § 77, jf. Forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (Rovviltforskriften) § 10, jf. §§ 1, 3 og 4.

Nemnda ser ingen utfordringar med å oppfylle det nasjonalt fastsette bestandsmålet for regionen også i 2023.

Nemnda viser til sekretariatet si innstilling i sak 23/22 når det gjeld bakgrunn og grunngjeving for vedtaket i tillegg til nye opplysingar og skadeomfanget i løpet av beitesesongen 2022. Dette er grunngjeve i saksframstillinga.

Dette vedtaket er et enkeltvedtak og kan påklages i medhold av forvaltningsloven kapittel VI, senest innen 3 uker etter at vedtaket er gjort kjent.

Aud Hove

leder av rovviltnemnda region 3.

(sign)

Vedlegg:

Saksframlegg

Adresseliste:

Miljødirektoratet

Klima- og miljødepartementet

Ekstrasak nemndsmøte 5. oktober 2022 – utviding av lisensfellingskvote for jerv 2022/2023

Forslag til vedtak:

Rovviltnemnda i region 3 – Oppland viser til den nasjonale målsettinga om 4 årlege ynglingar av jerv i region 3 - Oppland. Rovviltnemnda konstaterer at jervebestanden ligg over det nasjonalt fastsette bestandsmålet for region 3 rekna ut frå gjennomsnitt i åra 2020-2022 med 5,6 ynglingar, og har liggi godt over bestandsmålet i fleire år. Nemnda har såleis myndighet til å fatte vedtak om kvote for lisensfelling, jf. §§ 4, 7 og 8 i Rovviltforskriften og også myndighet til å endre lisensfellingskvota, jf. § 10, 4. ledd; rovviltnemnda kan til einkvar tid endre eige vedtak om kvote for lisensfelling dersom nye opplysingar tilseier det.

Med bakgrunn i nye opplysingar og skadesituasjonen i beitesesongen 2022 endrar rovviltnemnda kvota for lisensfelling av jerv til **12 dyr**, med maksimalt 5 hodyr (uavhengig av alder) innanfor jervesona. Det blir opna for felling med delkvoter i lisensområder som samsvarar med den geografiske differensieringa i forvaltningsplanen:

Lisensområde A - jervepriorert: Langs kommunegrensa mellom Vang/Øystre Slidre og Lom/Vågå, videre langs RV51 til Vågåvatnet/Otta og deretter Otta og Gudbrandsdalslågen sørover til Otta. Deretter langs kommunegrensa mellom Sel og Nord-Fron til nasjonalparkgrensa for Rondane nasjonalpark, og denne følges til fylkesgrensa mot Hedmark: **5 dyr / 5 hodyr**.

Lisensområde B - beitepriorert: Resten av fylket: **5 dyr**.

2 dyr som tilleggsdyr som kan fordelast undervegs i lisensfellingsperioden.

Eventuelle endringar av områdegrenser og fordeling av resterande kvote undervegs i fellingsperioden skal sekretariatet avklare med leiar av nemnda.

Statsforvaltaren har ansvar for rapportering/informasjon i samband med lisensfellingen. (Jf. Forskriftens § 15, siste ledd). Dette gjeld informasjon om resterande kvote og mottak av meldingar om påskutte og felte dyr via Statsforvaltaren sin rovviltelefon.

Vedtaket er fatta med heimel i Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold § 18, første ledd, bokstav b og § 77, jf. Forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (Rovviltforskriften) § 10, jf. §§ 1, 3 og 4.

Nemnda ser ingen utfordringar med å oppfylle det nasjonalt fastsette bestandsmålet for regionen også i 2023.

Nemnda viser til sekretariatet si innstilling i sak 23/22 når det gjeld bakgrunn og grunngjeving for vedtaket i tillegg til nye opplysingar og skadeomfanget i løpet av beitesesongen 2022. Dette er grunngjeve i saksframstillinga.

Viser til saksframstillinga til Statsforvaltaren i sak 23/22 Fastsetting av kvote og område for lisensfelling av jerv 2022-2023 i nemndsmøte 27. juni 2022 som er basert på dei opplysingane vi hadde på det tidspunktet. I tillegg vil nemnda i møtet 5. oktober 2022 endre lisensfellingskvota for 2022/2023 med følgjande kommentarar:

Rovviltforskriften

I Rovviltforskriften står det under § 7 Generelle bestemmelser om vedtak fattet av rovviltnemnden at «Rovviltnemndenes vedtak skal bygge på den regionale forvaltningsplanen for rovvilt, data om

biologiske og bestandsmessige forhold og om skade- og konfliktsituasjonen, jf. forskriften § 3 tredje ledd og § 6.

Forvaltningsplanen region 3 – Oppland


I forvaltningsplanen for region 3 – Oppland står det på s. 4 at «Utvidelsen av rovvilsonene i region 3, ved forrige rullering i 2012, var begrunnet med byrdefordeling og for å kunne gjøre målretta uttak også innenfor rovviltsona om det var stort skadeomfang i et område over flere år. Ved å ha større soner prioritert rovvilt gir også den en fleksibilitet for å ha ynglinger i ulike områder, gjennom dette rullere belastningen og forvalte bestanden også innenfor rovvilsonen med tanke på den tosidige målsettingen».

Nemnda ser på soneforvaltninga som eit middel for å nå bestandsmålet, for å ha ei byrdefordeling og ein forutsigbarheit i forvaltninga. Soneforvaltninga skal ikkje vere til hinder for å, som det står i § 7 i Rovviftforskriften «fatte vedtak for å begrense veksten og/eller utbredelsen av bestanden».


Soneforvaltninga skal heller ikkje vere til hinder for skadeforebyggande uttak som både konfliktdempande tiltak og førebygging for kommande beitesesong dersom skadeomfanget i jerviprioritert sone har vore stort.

Data om biologiske og bestandsmessige forhold

Heile Oppland er eit viktig beiteområde og når ein er pålagt å ha ei jerveprioritert sone skapar dette utfordringar og konfliktar. Trass i at region 3 – Oppland har liggi på det dobbelte av bestandsmålet for jerv over fleire år og det har vore utfordrande å ta ut lisensfellingskvota, har tapa til jerv for beitenæringa vore til å leve med. Slik er det ikkje lenger. Dei siste åra har vi hatt omfattande tap i fleire område og denne beitesesongen har vist seg å bli særskilt utfordrande. Tapa er i eit større geografisk område og det er særskilt store tap i fleire enkeltbesetningar. Dette gjeld spesielt i områda vist på kartet i perioden 10.06. til 29.09.2022:




Her er same område til samanlikning i perioden 10.06. til 29.09.2020:




Ser ein på statistikken har ikkje talet på ynglingar inneverande periode nødvendigvis samanheng med tapssituasjonen i beitesesongen. Det er talet på jerv og deira aktivitet som pregar situasjonen det enkelte år og viser ein aukande trend for skadepotensiale og tap av sau.

Frå region 3 – Oppland har det vore meldt inn over fleire år at bestanden byrjar å bli alarmerande stor og det er stilt spørsmål ved om det er mogleg å ha full oversikt for ynglingar i eit slikt geografisk stort og alpint område. Nemnda har også vore kritisk til at miljøforvaltinga ikkje har fylgt pkt. 2.2.4 i rovviltnormen som seier at «I de tilfeller der lisensfellinga ikke gir tilfredsstillende uttelling, skal miljøforvaltingen så langt det er mulig sørge for at resterende kvote tas ut i de områdene lisensfellingskvote er gitt». Vi har bede om ekstraordinære uttak over fleire år fordi vi har sett og erfart korleis situasjonen har utvikla seg. Stadig aukande aktivitet og sporobservasjonar av jerv i heile fjellet og ned mot bygdene, stadig aukande direktekontakt med jerv for folk og etter kvart mange bilde av jerv, spesielt i jerveprioritert sone.


Bilda under viser at det er i våre område det hovudsakleg har vorte registrert jerveskader denne beitesesongen, 10.06.2022 til 29.09.2022:



Same periode i 2021:



Same periode i 2020:



SNO og rovvilktkontaktane legg ned eit stort og omfattende arbeid både på bestands- og skaderegistrering. Det har vore lagt inn 150-160 DNA-prøver i Rovbase, derav ca 140 i 2022. Talet på vaksne jervar funne gjennom DNA har liggi på i underkant av 30 individ pr år dei siste åra. Så langt i år er det gjennom DNA funne 37 individ (20 hoer, 17 hannar), der 14 er nye. Hovud leveområda for desse jervane ser ut til å vere Breheimen (12), Reinheimen (7), Snøhetta vest (2), Snøhetta øst (4), Rondane nord (7), Rondane sør (3) og Jotunheimen (2).

Det er også levert inn DNA-prøver i løpet av beitesesongen, men desse blir ikkje analysert før over nyttår i 2023. Rovviltnemnda ser også at det er strenge føringar for korleis ei yngling blir godkjent og det er store geografiske område å innhente DNA frå. I region 3 ligg individtalet stabilt høgt og det har ikkje vore store endringar over fleire år. Ein reknar med at ca 70 % av jerveindividna blir fanga opp gjennom DNA-funn det enkelte år, og samtidig er det da ca 30 % som ikkje blir fanga opp.

Det er sidan nemnda sitt vedtak på lisensfellingskvote funne 1 sikker yngling og 1 usikker yngling til innanfor jerveprioritert sone. Da vedtaket vart gjort i juni 2022 var det 1 yngling og eit snitt for dei tre siste åra på 5,3 ynglingar, men med 1 sikker yngling i tillegg ligg snittet nå på 5,7 ynglingar.


Tek vi med resten av landet, ligg også bestanden i gjennomsnitt fortsatt langt over det nasjonale bestandsmålet. Vi ser at det både for Oppland og Hedmark er det utfordringar med å få regulert bestanden. Det vil vere interessant å sjå korleis jervane framover vil trekke ut til andre område når presset i dei enkelte områda blir for stort.

Oversikt over antall årlige valpekull fordelt på hver forvaltningsregion:

Forvaltningsregion	Bestandsmål	Bestandsstatus			
		2020	2021	2022	Gjennomsnitt
Region 1 (Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder)	-	0	0	0	0
Region 2 (Aust-Agder, Telemark, Buskerud og Vestfold)	-	0	0	0	0
Region 3 (Oppland)	4	7*	8	2	5,7
	-	0	0	0	0
Region 4 (Østfold, Oslo og Akershus)					
Region 5 (Hedmark)	5	9*	18	10	12,3
Region 6 (Møre og Romsdal og Trøndelag)	10	17	17	9	14,3
Region 7 (Nordland)	10	12	8	11	10,3
Region 8 (Troms og Finnmark)**	10 (3)	18(7)	9(5)	12(5)	13,0
Hele landet	39	63	60	45	56

*En yngling i region 3 ble flyttet til region 5 i etterkant av rapporteringen i 2020 (Rovdata 2021)

**Tallene i parentes angir valpekull i tidligere Finnmark fylke.



Skade- og konfliktsituasjonen

Trass i eit tilfredsstillande resultat på lisensfellinga 2021/2022, har vi likevel aukande tap til jerv. Nemnda meiner dette viser at vi har ei sterkt veksande jervestamme i region 3 – Oppland. Når vi over fleire år ikkje har klart å ta ut lisensfellingskvota har bestanden ikkje vorte tilstrekkeleg regulert og har ført til ein aukande bestand i våre område sett opp mot andre regionar i Norge. Rovbase viser at hovudtyngda av registrerte tap til jerv i perioden 10.06. til 29.09.2022 er i region 3 – Oppland, jmf kartet over.

Vi har ikkje den heile og fulle oversikta over skadeomfanget etter årets beitesesong, men det er dokumentert særstort aktivitetsnivå på jerven og ei aukande jervestamme som må regulerast sterkare for å førebygge neste års beitesesong. Konfliktnivået byrjar nå å bli så høgt at det går på tilliten laus til både miljømyndighetene og forvaltninga.

Det har vore gjort ein stor innsats både frå statsforvaltar og frå kommune og beitenæringa på førebyggande og konfliktdempande tiltak, spesielt dei to siste åra i Nord-Gudbrandsdalen. Dette ser vi ikkje er nok, derfor må bestanden regulerast i større grad for å sikre beitenæringa i dette området.

Registrerte skader av jerv var i rekordåret 2015 på 193, ned på 44 i 2018 og er nå i 2022 oppe på 119 registrerte skader. Ei dobling sidan 2020. Vi kjenner til fleire enkeltbesetningar nå som har over 30% tap, men vi får ikkje eksakte tal på dette før den 1. november 2022.

Når vi da har liggi på nær det dobbelte av bestandsmålet over fleire år, det er aukande tal på individ registrert på DNA-treff og vi har hatt ein beitesesong som viser ei særstort uheldig utvikling med tanke på jerveskader og vi har fått nye opplysingar, meiner nemnda at vi må auke lisensfellingskvota for å få kontroll på situasjonen og for å regulere bestanden i samsvar med føringar i forvaltningsplanen og rovviltforliket.

Rovviltforliket 2011

«All forvaltning av rovdyr skal bygge på vitenskaplig og erfaringsbasert kunnskap», står det i rovviltforliket frå 2011. Vitskapen og forsking viser at jerven er eit meget levedyktig og robust rovvilt som frå nærmest å vere utrydda på 1970-talet til nå å ligge langt over bestandsmålet trass i lisensfelling og uttak kvart år. Erfaringa viser at jerven er vanskeleg å registrere og å få tak på i alpine område både om vinteren og under skadefelling om sommaren. Vi har område med skog der ein i større grad har lykkast med uttak ved hjelp av hund.

«Videre skal det legges vekt på regional forvaltning, respekt for eiendomsretten, og enkeltmenneskers og lokalsamfunnskvaliteten», står det også i rovviltforliket frå 2011. Nå har vi ein situasjon som viser at belastninga med ein stadig aukande jervebestand gjer at beitenæringa er på tur til å gje opp. Årets beitesesong har vore så alvorleg og belastande at det vart satt ned kriseteam i Skjåk kommune og tiltak for beitebrukarar på Lesja for å sikre den enkelte beitebrukar si psykiske helse.

Det står også i rovviltforliket at «Dyr på utmarksbeite har mange positive kvaliteter, og det er viktig å sikre levedyktig næringsvirksomhet i landbruket i områder med rovvilt». Når vi nå får varsel om at mange er på tur til å gje opp på grunn av tap over fleire år, det har for første gong vore søkt og innvilga omstillingsmiddel og at årets beitesesong har vore særstort vanskeleg, må vi gjere ekstra tiltak for å sikre ein levedyktig beitenæring for dei kommande åra.